



F.G. Eiendom AS
Langeland Gård
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6840 - 15/2771

Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
06.02.2015

Avvising av klage på vedtak - gbnr 138/21 Tveiten øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 14/6840

Lindås kommune har motteke Dykkar klage den 11.12.2014. Vedtaket det vert klaga på gjeld gebyr for rammeløyve eigedommen gbnr 108/564.

Klage

Vi vil med dette klage på ilagt gebyr og henviser til PBL § 7-1, der frist for behandling er angitt til 12 uker.

Vår arkitekt, Forum Arkitekter (FA) ved Anne Carlsen, sendte inn første rammesøknad for Alver Brygge, Gnr 138/bnr 21 – Tveiten - 25.10.2013 for å få en parallell saksbehandling med den pågående reguleringsendringen.

11.juni, 2014 sendte FA inn justerte tegninger som var i tråd med de mindre endringene som hadde funnet sted i planen siden rammesøknaden opprinnelig ble sendt inn. Med 12 ukers frist fra denne dato skulle denne vært besvart senest 4.september 2014. Den 30. september sendte FA en forespørsel til Lindås Kommune, om tilbakemelding på innsendt søknad. Telefonsvar fra Lindås Kommune 1. oktober er da at søknaden ikke var mottatt ! Dagen etter er saken funnet i Lindås Kommunes arkiver etter at saksnr. er oppgitt fra vår side.

Den 16.oktober 2014 startet etter vår erfaring saksbehandler Tor Hegle arbeidet med søknaden, oppfølgingsspørsmål, ref mail; 18 uker etter innsendt søknad.

Endelig rammegodkjenning foreligger 28. oktober, etter ca 20 ukers behandlingstid, totalt ett år etter første rammesøknad var innsendt Lindås Kommune.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



VURDERING

Klagefristen etter forvaltningslova (fvl.) § 29 er 3 veker frå «underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part». Vedtaket av 28.10.2014, vart sendt pr. e-post til tiltakshavar og ansvarleg søkjar same dag. Vedtaket var adressert til den e-postadressa som var oppgjeve i søknaden. Det var i søknaden oppgjeve same e-postadresse til søkjar og tiltakshavar.

Vedtaket er datert 28.10.2014 og vart meddelt partane pr. e-post same dag. Klagefristen er 3 veker, jf. forvaltningslova (fvl.) § 29. Fristen for å klage gjekk ut 18.11.2014. Klagen er motteke her 11.12.2014, 3 veker etter at klagefristen gjekk ut.

Klagen er såleis ikkje framsett rettidig.

Det følgjer av fvl. § 31 at

«selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

- a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd».*

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.»

Lindås kommune si vurdering er at partane kan lastast for å ikkje ha klaga innan fristen. Lindås kommune kan heller ikkje sjå at det er forhold i saka som tilseier at det er særlege grunnar til at klagen vert prøvd.

På bakgrunn av dette vert det ikkje gjeve oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Etter dette kan ikkje Lindås kommune sjå at vilkåra for å ta klagen til handsaming er stetta, jf. fvl § 31.

Byggesaksavdelinga vil likevel kort knyte nokre kommentarar til klagen:

Det vert vist til rammeløyve av 28.10.2014., der verknaden av saksfristen er drøfta.

Det går fram av korrespondansen med ansvarleg søkjar at rammesøknaden har vore for ufullstendig til å behandle. Det har vore sendt førespurnad til ansvarleg søkjar om utfyllande opplysningar i fleire omgangar.

Det går tydeleg fram av Epost til ansvarleg søkjar av 17. 10.2014, 21. 10.2014- og 22.10.2014, at slik søknaden lå føre frå ansvarleg søkjar kunne den ikkje takast til behandling, alternativt behandlast med avslag idet søknaden mellom anna ikkje stetta reguleringsplanen sine krav m.v.

Søkjar ynskte å tilpasse prosjektet for å få behandla søknaden med positivt utfall, og sendte inn revisjonar ved tilbakemeldingar mottatt 17.10.2014., 20.10.2014., 24.10.2014. og 28.10.2014. Dei tilsendte utfyllande opplysningane hadde endringar som var omfattande (m.a. reviderte teikningar, sitplan og avtale med nabo). Frista for saksbehandling har soleis ikkje vore gjeldande. Saka var komplett med den siste oversendinga 28.10.2014.

VEDTAK:

Med heimel i fvl § 33 vert klage motteke den 11.12.2014 avvist, då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Forum Arkitekter AS

Damsgårdsveien 5058
16

BERGEN

Mottakarar:

F.G. Eiendom AS

Langeland Gård 5918

FREKHAUG